

Innspel til høyring om Kommunedelplan Bø

1. Innleiing

Området treng en felles plan og det er prisverdig at det blir utarbeidd. Samstundes hadde det vore svært ynskjeleg at berørte partar som grunneigarar, næringsdrivande, aktuelle utbyggjarar og andre bebuarar hadde vore invitert inn i ein dialog då det vart vedteke at ein skulle gå frå ei områdereguleringsplan til ei kommunedelplan for området.

Dette ville ha sikre eit betre utgangspunkt for planarbeidet og ein kunne ha unngått mange av dei viktige manglane ein no finn i planen.

For å vera framtidsretta treng Bø en plan som tar med seg heile området frå Marøy-krysset i sør og til Rikstad i nord samt forbi idrettsbana i aust. I tillegg skulle Bøneset også vore med i planområdet for å skape framtidig heilskap. Hovudankepunktet til planen er derfor at den ikkje dekker stort nok areal.

Ut frå desse to omsyna, manglande medverknad i planprosessen og sjølv omfanget til planen, er det grunn til å setje spørjeteikn med om planen slik den no ligg, er tenleg for Bø eller om det ville vere betre å vente på en meir omfattande og heilskapleg plan, for framtida.

2. Mål og føremål

I planen går det fram at måla frå kommunen sin side er samordning av eksisterande plansituasjon, samt implementering av arealbruksendringa og detaljering av arealbruk, mellom anna for revitalisering av Bø sentrum.

Når ein iverksett eit slikt stort planarbeid, med store konsekvensar for grenda i lang tid framover, hadde det vore ynskjeleg at måla tydelegare tok opp i seg framtidsretta og langsiktige tankar knytt både til sentrumsfunksjonar, skole og barnehage, boligområda og friluftaktivitet knytt til sjøen for dei som skal bo i grenda.

3. Sentrumsområde

Det angitte sentrumsområdet i planen er for snevert. Viktige kulturinstitusjonar som kyrkje, skole og barnehage er naturlege element i eit sentrumsområde. Vi ser for oss at planen definerer sentrumsområdet større, frå Hauglandskrysset til forbi barnehagen. Det ville og vere betre å stille konkrete krav til trivselsfremmande tiltak knytt til reguleringskrav i samband med utbygging, i staden for å definere eit eige naturområde som NA11, med uklart ansvar for opparbeiding og vedlikehald.

4. Boligområder

Dei nye boligområda som er foreslått bør utvidast på bekostning av innlagte naturområde eller LNF område. Krav om tilrettelagde trivselstiltak i utbyggingsområda, bør bli stilt i samband med utarbeiding av reguleringsplanar for kvart område.

Område B04 bør utvidast betydeleg mot vest på bekostning av NA03. Asplan Viak si vurdering om at dette området har ein funksjonell strandsone er feil. Dei skriv også at «den bratte skrenten gjer det lite tilgjengeleg», noko som er rett. Skrenten er brattare enn 25 grader og slike område blir i strandsonesamanheng definert som utilgjengeleg.

Område B10 bør utvidast mot sør til B08 for å gi heilskap i heile området og i tillegg bør ein også vurdera ei utviding mot vest, på bekostning av LNF områda som ligg der.

Område B12 + B09 bør utvidast mot øst og nord på bekostning av LNF området.

Slik dei definerte nye boligområda ligg i planen i dag, er fleire av områda lite aktuelle for utbygging fordi dei er så små at tilrettelegging blir for dyrt for eigar. Somme av område er også uaktuelle for utbygging fordi eigar helst ser at områda ikkje blir utbygde. Dersom ein skal ta på alvor at eit av måla med planen er å legge til rette for boligbygging og fortetting, er det viktig å utnytte dei delane av planen der boligbygging kan finne stad på ein økonomisk og berekraftig interessant måte.

5. Trafikk

Eit viktig tiltak for Bøvågen sentrum vil vere å definere området frå Hauglandskrysset til Kvednebrekka som sentrumsområde med fartsgrense på 40 km/t. Det vil senke krava til vegutbygging samstundes som det vil skape eit lettare trafikkbilde, særleg for gåande og syklande. Det bør òg settast av nok areal til ein miljøgate frå Hauglandskrysset til Kvednebrekka og sidan dette er del av riksvegen så må det ligge i planen at dette er utgifter som blir dekkja av kommune/fylkje/stat og det bør setjast av i investeringsbudsjettet til kommunen.

I tillegg vil det vere ynskjeleg for skulen og barnehagen at vegen blir lagt om forbi desse og at vegen blir trekt så langt mot sør som mogeleg.

6. Båthamn og tilrettelegging av fritidstiltak knytt til sjø.

Planen har i liten grad sett av areal til nye båthamner. Båthamna i Bøvågen er full og med vidare folketalsauke i området treng ein tilrettelegging av båtplassar.

Det er viktig at vestsida av Akstadneset, blir omgjort frå LNF område til område for småbåthamn og naustutbygging.

Kommentarar knytt til 24/6 og 24/298 med kringliggjande areal, Felt B03 og B04

- Slik avgrensinga av B04 ligg i planforslag frå kommunen er det berre eit begrensa areal i aust som kan nyttast til byggjeland. Vidare er det stor sannsynlighet at nordre delen mot kyrkja vil få begrensingar i forhold til byggjegranser med omsyn til kyrkjegarden. Dersom B04 skal være eit funksjonelt byggjeland må føremålet forlengast heilt til Hauglandsvågen. Dersom dette ikkje vert gjort vil ein berre ende opp med eit fåtal nye bueiningar og det vil ikkje være hensiktsmessig med tanke på kostnader til detaljregulering for området.
- I kartlegginga av funksjonell strandsone er området ytst mot Hauglandsvågen vurdert som funksjonelle strandsona. Skrenten mot sjø er så høg og bratt, at vi ikkje kan sjå at arealet har kvalitetar som strandsone, sidan det ikkje er mogleg å komme ned til sjøen i arealet anna plass en der nausta er bygd. Sjå foto fra omtalt område.
- Vi meiner det er heilt naturleg at ny bebyggelse langs Hauglandsvågen følgjer eksisterande busetnad nord for feltet når det gjeld avstand mot sjø




- Det står og i kartlegginga at arealet som er sett av til NA03, består i overflatedyrka mark og innmarksbeite. Vi vil påstå at dette er feil. Det som er overflate dyrka mark ligg lenger aust, inne i B04, dette kjem godt fram på flyfoto over området, sjå nedanfor.



- Stiar i området NA03 er tråkk til naust langs Hauglandsvågen. Ei utbygging heilt fram mot Hauglandsvågen vil sjølvsagt ivareta, og betre tilkomsten for desse nausta.
- Planframlegget frå kommunen legg ikkje opp til nye båtplassar, det er og difor ønskeleg at heile Hauglandsvågen vert sett av til småbåthamn. Då kan ein leggje til rette for nytt, felles småbåtanlegg med flytebrygger med tanke på båthamn for nytt byggjefelt i B03 og B04, samt eksisterande bruk/naust.



- Naustområde N01 bør og utvidast til vestsida av Akstadneset, slik at dette arealet vert gjeldande for alle nausta i området.
- Sjå vedlagt forslag til endring av føremål nedanfor.



Bøvdalen 14.01.18

Med vennleg helsing

Henning Haugland (eigar av 24/6)